



Sak nr D- Vår dato: Vår referanse:  
11.09.2015 2015/1160-52921010/2015

Vår saksbehandlar: Direkte telefonnr.: Dykkar dato: Dykkar referanse:  
Njål Gunnar Slettebø 53 42 31 32

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## BOSTON AS, SØKNAD OM KONSESJON FOR OPPTAK AV SKJELSAND I BØMLO KOMMUNE, OMRÅDA NORDØYANE, UTFATET SØR OG KLOVNING-HØYRING

Me viser til brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 29.06.2015.

Utval for areal og samferdsel i Bømlo kommune handsama søknad om konsesjon frå Boston AS på møte 02.09.15 sak 136/15. Det vart samrøystes gjort slikt vedtak:

Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

1. Bømlo kommune rår til at Boston AS får forlenga selskapet sin konsesjon for opptak av skjelsand frå området Nordøyane ved Espevær fram til rullering av kommuneplan i ca. 2017, og med konsesjon i maks 5 år.
2. Når det gjeld Boston AS sin søknad om konsesjon til to nye område «Utfatet sør» og «Klovning» som ikkje ligg inne til råstoffutvinning i vedteken kommuneplan, så vil utvalet rå frå at det vert gjeve konsesjon. Nye område til skjelsandopptak ved Espevær bør vurderast samla i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.

Kopi av saksprotokoll og saksutgreiinga til Utval for areal og samferdsel ligg ved.

Med helsing  
Bømlo kommune

Njål Gunnar Slettebø  
Landbrukssjef  
*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*





Dato: 30.07.2015  
Arkivref: 2015/1160-17687/2015 / 529

Saksbehandlar: Njål Gunnar Slettebø  
53 42 31 32  
njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
136/15	Utval for areal og samferdsel	02.09.2015

### BOSTON AS, SØKNAD OM KONSESJON FOR OPPTAK AV SKJELSAND I BØMLO KOMMUNE, OMRÅDA NORDØYANE, UTFATET SØR OG KLOVNING-HØYRING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommune rår til at Boston AS får forlenga selskapet sin konsesjon for opptak av skjelsand frå område Nordøyane ved Espevær i 5 år.
2. Når det gjeld Boston AS sin søknad om konsesjon til to nye område «Utfatet sør» og «Klovning» som ikkje ligg inne til råstoffutvinning i vedteken kommuneplan, så vil Bømlo kommune rå frå at det vert gjeve konsesjon. Nye område til skjelsandopptak ved Espevær bør vurderast samla i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.

#### Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 02.09.2015

Før behandling av saka tok til vart vedtak frå møte 20.08.2015 i Naturbruksutvalet , delt ut.

Nytt fellesframlegg frå utvalet, lagt fram av Elin Mikalsen Barane (H):

Bømlo kommune rår til at Boston AS får forlenga selskapet sin konsesjon for opptak av skjelsand frå området Nordøyane ved Espevær fram til rullering av kommuneplan i ca. 2017, og med konsesjon i maks 5 år.

Når det gjeld Boston AS sin søknad om konsesjon til to nye område «Utfatet sør» og «Klovning» som ikkje ligg inne til råstoffutvinning i vedteken kommuneplan, så vil utvalet rå frå at det vert gjeve konsesjon. Nye område til skjelsandopptak ved Espevær bør vurderast samla i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.

Framlegget frå Elin Mikalsen Barane (H) vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

3. Bømlo kommune rår til at Boston AS får forlenga selskapet sin konsesjon for opptak av skjelsand frå området Nordøyane ved Espevær fram til rullering av kommuneplan i ca. 2017, og med konsesjon i maks 5 år.
4. Når det gjeld Boston AS sin søknad om konsesjon til to nye område «Utfatet sør» og «Klovning» som ikkje ligg inne til råstoffutvinning i vedteken kommuneplan, så vil utvalet rå frå at det vert gjeve konsesjon. Nye område til skjelsandopptak ved Espevær bør vurderast samla i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.

**Dokument i saka:**

Brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 29.06.2015

Konsesjon for opptak av skjelsand i Bømlo kommune datert 13.3.2013(2006/3168)

**Bakgrunn for saka:**

Frå brevet frå Hordaland Fylkeskommune tek me med:

«Hordaland Fylkeskommune har motteke søknad frå Boston AS, datert 03.03.15 om konsesjon for opptak av skjelsand frå tre område i Bømlo kommune. Områda vert her kalla « Nordøyane», «Utfatet sør» og « Klovning». Søknaden vert med dette sendt på høyring med høyringsfrist 10.sept. 2015.

**Søknaden:**

Boston AS har hatt konsesjon for opptak av skjelsand frå dei to konsesjonsområda "Nordøyane" og "Utfatet", ein konsesjon som gjekk ut 07.03.2015. Denne søknaden gjeld forlenging av konsesjonen på området "Nordøyane", og uttak frå to nye konsesjonsområde, her kalla "Utfatet sør" og "Klovning". Konsesjonsområdet "Utfatet" er ikkje søkt forlenga. Oversiktskart over dei omsøkte konsesjonsområda er vist i vedlegg 1. Søknaden (søknadsbrev, utfylte søknadsskjema og kart) er vist i vedlegg 2 (10 sider).

Det er søkt om forlenging/konsesjon i 5 år, og opptak heile året. Det er opplyst om at selskapet tek opp skjelsand med sugestyr. Ifølgje søknaden er bruksformålet det same som før, i søknadsskjema oppgitt å vere jordforbetring og dekning av havbotn.

På området Nordøyane er det søkt om same årlege uttaksvolum som før, inntil 10.000 m<sup>3</sup>. I søknaden er det vurdert at det er mykje skjelsand i området der. På områda Utfatet sør og Klovning er det søkt om årleg uttak på til saman inntil 10.000 m<sup>3</sup>. Areal og årleg omsøkt opptaksvolum på dei omsøkte konsesjonsområda er vist i tabellen rett under.

<b>Konsesjonsområde</b>	<b>Areal (dekar)</b>	<b>Årleg omsøkt opptak (m<sup>3</sup>)</b>
Nordøyane	162,432	10 000
Utfatet sør	74,882	
Klovning	33,764	10 000
<b>Sum</b>	<b>271,078</b>	<b>20 000</b>

**Om søknadsbehandlingsprosedyra tek me med:**

Løyve til opptak av skjelsand vert gitt i medhald av lov 21. juni 1963 nr. 12: *Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster* (kontinentalsokkelova). Etter lova ligg retten til skjelsandressursane til

staten. Fylkeskommunen er delegert konsesjonsmynde for opptak av undersjøisk skjelsand, sand og grus etter lova.

Fylkeskommunen kan ikkje treffe vedtak om konsesjon i strid med bindande arealplan, med mindre det aktuelle planmyndet samtykker.

### **Saksopplysningar:**

På områda "Nordøyane" og "Utfatet" har det vore skjelsandkonsesjon sidan 7.3.2002, som har blitt forlenga fleire gonger og skifta eigar. Boston AS har hatt konsesjon på områda frå 7.3.2007. Samla, rapportert skjelsandopptak frå Nordøyane i perioden 2002-2014 er ca 33840 m<sup>3</sup>, og frå området Utfatet ca 5550 m<sup>3</sup>. I søknaden er det opplyst om at skjelsanden på Utfatet har hatt stor innblanding av stein, og av den grunn ikkje særleg godt eigna til formål som skjelsand vert brukt til. Den utgåtte konsesjonen gav høve til uttak av opptil 8000 m<sup>3</sup> skjelsand årleg. I forhold til den utgåtte konsesjonen inneber søknaden eit utvida opptaksvolum på årleg inntil 2000 m<sup>3</sup> massar.

Vi kan ikkje sjå at det har kome meldingar om at uttak av skjelsand i perioden 2002-2014 har medført ulemper.

### **Planstatus**

I kommuneplanen sin arealdel (vedteken 18.3.2013), viser plankartet at området "Nordøyane" er lagt ut som underformål råstoffutvinning (RU) under § 11-7 nr. 1 (Bebyggelse og anlegg). Området ligg innanfor området H-560\_7 (Bevaring naturmiljø). Vi finn ikkje skjelsand eller skjelsanduttak omtalt i planomtalen til arealdelen eller i føresegn.

Områda "Utfatet sør" og "Klovning" er ikkje lagt ut som område for råstoffutvinning på plankartet. Områda ligg derimot rett sør for området "Utfatet" som er lagt ut som område for råstoffutvinning, og alle desse områda ligg i det generelle området lagt ut som fiske, ferdsel, natur- og friluftsområde (FFNF) under arealformålet § 11-7 nr. 6 (Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone).

Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (forlenga inntil vidare), inneheld ei fylkespolitisk retningsline som seier at "Område for skjelsandopptak skal vurderast og gjerast synleg i arealplanar".

### **Vurdering for høyring:**

#### *Vurdering ut frå forskrift om konsekvensutgreiing for tiltak etter sektorlover*

Søknad om løyve for eit vedlegg II-tiltak i forskrifta skal vurderast nærare etter føresegnene i § 3, jf. § 2. Etter § 3 skal ansvarleg mynde i samband med behandlinga av søknaden ta stilling til om tiltaket kan få vesentlege verknader, jf. vedlegg III, tredje ledd. Vi vurderer at søknaden gir eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdere i høyringa om tiltaket kan få vesentlege verknader.

#### *Vurdering ut frå plan – områda "Utfatet sør" og "Klovning"*

Det er søkt om uttak frå to nærliggjande område til området "Utfatet", etter at "Utfatet" viste seg å innehalde lite eigna massar. Rapportert uttak frå området "Utfatet" i perioden 2002-2014 er mindre enn kva ein kunne ha teke ut på berre eitt år, så området der vert rekna som lite rørt, og vert difor søkt erstatta med to andre nærliggjande område.»

### **Vurderingar:**

Boston AS har konsesjon til å ta opp 10 000 m<sup>3</sup> skjelsand i Nordøyane og 8000 m<sup>3</sup> i Utfatet ved Espevær kvart år fram til 15.03.2015. Dei har no søkt om ny konsesjon i 5 år til for opptak 10000 m<sup>3</sup> skjelsand i Nordøyane.

I tillegg har dei no søkt om konsesjon i to nye område «Utfatet sør» og «Klovning» som ikkje ligg inne i arealdelen til kommuneplanen. Her har dei søkt om konsesjon til å ta ut 10 000m<sup>3</sup> årleg samla for desse to områda.

Skjelsand er ein ressurs som bør kunne nyttast. Området Nordøyane er i arealdelen til kommuneplanen utlagt til råstoffutvinning. Me har ikkje kjennskap til interessekonfliktar i samband med opptak av skjelsand i konsesjonsperioden i området Nordøyane. Så lenge me ikkje har dokumentasjon på at fiskeplassar i dei omsøkte områda er øydelagt, finn me at det bør kunne gjevast konsesjon som omsøkt. Konsesjonsvilkåra bør vere like strenge som dei Boston AS har hatt fram til no.

Me meiner difor at Boston AS bør få konsesjon for opptak av skjelsand frå området «Nordøyane» i 5 år til på same vilkår som Boston AS har i konsesjon nr. 121904 av 13.03.2013.

Me vil her peika på pkt. 3 i konsesjonsvilkåra. Her står det:

For å unngå uroing av sjøfugl i den sårbare myteperioden vert det ikkje tillate med opptak i området Nordøyane i perioden 15.juli til 15.september.

Det er viktig at dette vilkår vert ført vidare i ny konsesjon.

Vidare er det viktig at § 4, 5,7 og 8 også vert ført vidare: Her står det:

§ 4:For området Utfatet er konsesjonen gitt under føresetnad av at akvakulturinteressene er prioritert dersom det skulle oppstå arealkonflikt.

§ 5: Ved opptak av skjelsand frå området Nordøyane må skjelsandopptakar vere spesielt merksam på det automatisk freda kulturminnet ved Hespriholmen, og forvise seg om at skjelsandopptaket ikkje skjer utanfor konsesjonsområdet.

§ 7: Opptak av massar skal skje på ein slik måte at det ikkje blir til hinder eller ulempe for ferdsel på sjøen, det alminnelege fiske, fugle- eller friluftslivet i området. Spesielt skal det sjåast til at verksemda ikkje skadar fisk som står i merdar eller som er sett i lås.

§ 8: Dersom opptaksområdet grensar mot viktige gyte – og oppvekstområde for villfisk eller område med spesielle naturvern- eller friluftstinteresser som for eksempel sjøfuglreservat, havstrand eller våtmarksområde, skal det utvisast særlege omsyn underdrifta.

Det er viktig at desse vilkåra også vert ført vidare i ny konsesjonsperiode.

Når det gjeld søknaden om konsesjon til to nye område «Utfatet sør» og «Klovning» som ikkje ligg inne til råstoffutvinning i vedteken kommuneplan, så vil me rå frå at det vert gjeve konsesjon. Nye område til skjelsandopptak ved Espevær bør vurderast samla i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017. Me vil difor rå frå at Boston AS får konsesjon til å ta opp skjelsand i omsøkt område «Utfatet sør» og «Klovning».

#### **Miljømessige konsekvensar:**

For å unngå uroing av sjøfugl i den sårbare myteperioden vert det ikkje tillate med opptak i området Nordøyane i perioden 15.juli til 15.september.

Det er viktig at dette vilkår vert ført vidare i ny konsesjon.

#### **Oppsummering og konklusjon:**

Boston AS har fram til 20.03.2015 konsesjon til å ta opp 10000 m<sup>3</sup> skjelsand pr. år frå området Nordøyane og 8000 m<sup>3</sup> frå området Utfatet. Dei har no søkt Hordaland Fylkeskommune om forlenging av konsesjonen for området Nordøyane i 5 år. I tillegg har dei søkt om konsesjon til å ta opp inntil 10000m<sup>3</sup> i to nye område «Utfatet sør» og «Klovning». Desse to områdene er ikkje utlagt til

råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen. Me rår til at Boston AS får konsesjon til å ta ut inntil 10 000 m<sup>3</sup> i området Nordøyane. Når det gjeld søknaden om konsesjon til to nye område «Utfatet sør» og «Klovning» som ikkje ligg inne som området til råstoffutvinning i vedteken kommuneplan, så vil me rå frå at det vert gjeve konsesjon. Nye område til skjelsandopptak ved Espevær bør vurderast samla i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.